


# DETALJREGULERINGSPLAN

**Bustadområde Stavlandskleivane  
108/6 m.fl.  
PlanID: 201803**

**BØMLO KOMMUNE**



## PLANOMTALE

Mai 2021

## **Innhold**

1.0	BAKGRUNN/INNLEIING .....	3
1.1	<i>Bakgrunn</i> .....	3
2.0	PLANSTATUS .....	3
2.1	<i>Kommuneplan</i> .....	3
2.2	<i>Reguleringsplan</i> .....	4
3.0	OMTALE AV PLANOMRÅDET / EKSISTERANDE SITUASJON .....	6
3.1	<i>Geografisk plassering</i> .....	6
3.2	<i>Historikk og arealbruk</i> .....	7
3.3	<i>Eksisterande bygg</i> .....	14
3.4	<i>Eksisterande veg- og trafikktihøve</i> .....	16
3.5	<i>Naturgjevne tilhøve</i> .....	17
4.0	EIGEDOMSTILHØVE .....	21
5.0	PLANPROSESS .....	22
6.0	MERKNADER TIL OPPSTART AV PLANARBEID .....	22
7.0	OMTALE / KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET .....	27
8.0	PLANFAGLEGE VURDERINGAR .....	33
8.1	<i>Kulturlandskap og kulturminne</i> .....	33
8.2	<i>Samfunnsverknader</i> .....	40
8.3	<i>Transport</i> .....	40
8.4	<i>Friluftsliv</i> .....	42
8.5	<i>Naturmiljø og Naturmangfaldslova</i> .....	43
8.6	<i>Landskap</i> .....	46
8.7	<i>Universell utforming</i> .....	47
8.8	<i>Born og unge sine interesser</i> .....	47
8.9	<i>Folkehelse</i> .....	48
8.10	<i>Strandsone</i> .....	48
9.0	ROS- ANALYSE .....	54

## **1.0 BAKGRUNN/INNLEIING**

### **1.1 Bakgrunn**

Forslagsstiller: Steinsbø Tomteselskap AS v/ Geir Steinsbø  
Hollundsdalen, 5430 Bremnes  
Tlf.: 97 51 71 61 e-post: [geir.steinsbo@kr-steinsbo.no](mailto:geir.steinsbo@kr-steinsbo.no)

Utarbeidd av: Gøtz AS v/ Kari Hilde Rommetveit og Vidar Vedå  
Sæ 132, 5417 Stord  
Tlf.: 97 65 39 72 e-post: [kari@gotz.no](mailto:kari@gotz.no)  
Tlf.: 91 33 40 42 e-post: [vidar@gotz.no](mailto:vidar@gotz.no)

Forslagsstiller Steinsbø Tomteselskap AS v/ Geir Steinsbø ynskjer å leggja fram eit forslag til reguleringsplan for eit bustadområde på Stavlandskleivane, gnr. 108 bnr. 13 m.fl., Bømlo kommune.

Det vart sendt inn prinsippsøknad til kommunen for å melde oppstart av planarbeid 17.09.2018, som vart godkjend 22.10.2018. Plangrensa er sett i samråd med kommunen. Planområdet utgjer totalt ca. 100,0 daa.

#### **Føremål**

Hovudføremålet med detaljreguleringsplanen er å leggje til rette for bygging av til saman ca. 27 stk. einebustader/tomannsbustader, og ca. 100 stk. konsentrerte bustader med tilhøyrande tilkomstvegar, parkeringsplassar og leikeareal. Kring den nordlege vika av Ulsvatnet, som i dag er nytta til bading, vil ein leggje betre til rette for ålmenta m.a. ved å regulere til offentleg friområde med tilkomst via eksisterande traktorveg.

#### **Konsekvensutgreiing:**

Planen er vurdert i høve til forskrift om konsekvensutgreiing, og planetaten i Bømlo kommune har konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Bakrunnen for dette er at kommunen har vurdert denne planen til å ikkje ha vesentleg verknad for miljø og samfunn, og at tiltaket er i tråd med overordna plan.

Planarbeidet vil spesielt kaste lys på følgjande problemstillingar; utnytting og bruk av området, fastsetting av formålsgrenser, byggjegrense mot Ulsvatnet og tilgjenge.

## **2.0 PLANSTATUS**

### **2.1 Kommuneplan**


Planområdet er stort sett ikkje regulert frå før, men er i gjeldande kommuneplan for Bømlo 2013-2025 vist som område for *framtidig bustadområde* med krav til reguleringsplan. Ein mindre del av planområdet omfattar også del av *noverande næringsområde*.




Utsnitt frå gjeldande kommuneplan for Bømlo kommune 2013-2025.

## 2.2 Reguleringsplan

Planområdet omfattar ein mindre del av fylkesveg Fv4998 Stavlandsvegen som er del av gjeldande reguleringsplan «Fv14 Stavland – Bjødledalen» med plan-ID: 200901. I tillegg omfattar planen ein mindre del av kommunalveg KV1046 Stavlandsneset som er del av gjeldande reguleringsplan «Stavlandsneset» med plan-ID R-88. Desse eksisterande vegane vil bli nytta som del av tilkomst til planområdet. Ny reguleringsplan vil erstatte overlappande delar av gjeldande reguleringsplanar.



Gjeldande reguleringsplan «Fv14 Stavland – Bjødledalen», plan-ID: 200901.



Gjeldande reguleringsplan «Stavlandsneset», plan-ID: R-88.


## 3.0 OMTALE AV PLANOMRÅDET / EKSISTERANDE SITUASJON

### 3.1 Geografisk plassering

Planområdet ligg på Stavlandskleivane vest for Svortland sentrum i Bømlo kommune. Plangrensa omfattar heile eller delar av eigedomane: 108/4, 108/6, 108/13, 108/31, 108/33, 108/41, 108/48, 108/85, 108/127 og 108/158.



Oversiktskart.



Plangrense oppstart.

## 3.2 Historikk og arealbruk

### Historikk

Eigedom gnr. 108, bnr. 6 er totalt ca. 67 daa og utgjer restar etter ein gard som vart frådelt i år 1834. Einaste attverande bygg er ei eldre, falleferdig løe som ein har planlagd å rive. Resterande delar av bnr. 6 er stort sett utmark. Det er ingen gardsdrift i området i dag. Dei siste par åra har det gått nokre sauер på 108/13, slik at grunneigar skal sleppe å slå.




Løe på eigedom gnr. 108, bnr. 6.

Eigedom gnr. 108, bnr. 13 er totalt ca. 72 daa, og utgjer restar etter ein gard som vart frådelt i år 1950. Det er hovuddelen av dette bruket som no Stavland AS er delt ut frå. Stavland AS er først og fremst kjent for produksjon av tomatpuré, men produserer i tillegg honning.




Biletet viser del av gnr. 108, bnr. 13 med Stavland AS i bakgrunnen.

På eigedom gnr. 108, bnr. 13 er det planta gran. Skogen på denne eigedomen vart hogd i ca. år 2014.



Utsnitt frå flyfoto frå 2013 som syner skogen på den tida.




Utsnitt frå flyfoto frå 2016 som syner kva som vart hogd.

Som ein ser så er det ikkje mykje igjen av skog på 108/13 og det er ikkje noko aktiv gardsdrift her. Området står difor berre å gror igjen no.

### Arealbruk i dag

Det går ein traktorveg og nokre stiar i området i dag.



Utsnitt frå flyfoto frå kart som syner stiar med stipla linje og traktorveg med doble stipla linjer.

Når ein går i terrenget i dag så ser ein lite til både traktorveg og stiar, så det ser ikkje ut til at området er mykje brukt til friluftsliv, men ein har fått opplyst at området i nord blir brukt til badeområde. Det skal også vere fisk i Ulvsvatnet, så ein reknar med at det er litt friluftsaktivitet her.



Sti/traktorveg til vatnet i dag.



Badeområde.

Elles så er det restar av gardsområdet. Delar av området består av innmarksbeite. Det er også ein mindre del heilt nord i planområdet som består av fulldyrka jord.



Det gule området i nord syner kva som er registrert som fulldyrka jord. Det grøne er område registrert som barskog og det lysegule i midten er innlandsbeite på fylkesatlas.no.

Som nemnd så er delar av barskogen hogd og vidare så er har ein kommentert at det ikkje er aktiv drift av områda i dag.

Området som er merka fulldyrka er våtmarksområde tilknytt vatnet og ikkje dyrka i dag.



Traktorveg ned til området som er beskrive som fulldyrka i dag.



Hogstområdet slik det ser ut i dag.

Det er også ein eksisterande bustad og ein landbruksbygning innanfor planområdet.

## Arealbruk tilstøytande areal

På gnr. 108 bnr. 98 ligg Stavland AS, som er ei familieeigd verksemد som sidan 1978 har hatt produksjon av tomatpuré som ein viktig del av produksjonen. I dag produserer dei i tillegg økologisk tomatpuré, crushed tomatoes og lynghonning. Elles grensar planområdet til eit eksisterande bustadfelt i aust. Nord for planområdet går Fv4998 Stavlandsvegen, og i dette området er det etablert fleire bustadar opp mot Storavatnet. I vest ligg Ulvsvatnet, kor vika like nord-vest for planområdet vert nytta til bading. I sør er det utmark.



Flyfoto av området.

### 3.3 Eksisterande bygg

Det er ein landbruksbygning og eit bustadhus innanfor planområdet i dag.



Landbruksbygning på 108/6 som skal rivast.



Biletet viser eksisterende einebustad på 108/33.

### **3.4 Eksisterande veg- og trafikktihøve**

#### **Veg**

Fv.14 *Stavlandsvegen* går forbi planområdet i nord. Det er fortau langs fylkesvegen i dag. I dag er det to private avkjørsler frå fylkesvegen som er teke med innanfor plangrensa. Den vestlegaste av desse avkjørslene (Pv1030) gir i dag tilkomst til fabrikken Stavland AS samt 6 eksisterande bustader.

Den austlegaste av dei private avkjørslene (Pv1046) er i dag tilkomstveg for mange av bustadane og nausta på Stavlandsneset. Vegen er asfaltert med ei breidde på ca. 4,5 m. Det er etablert fortau langs store delar av vegen i dag. ÅDT er ikkje målt og fartsgrensa er 50 km/t. Krysset inn mot fylkesvegen er oversiktleg.



Her står ein i vegen til Stavelandsneset og ser vest mot avkjørsla til Stavland AS og 6 bustadar.



Vegen til Stavelandsneset i dag. Ca 4,5m asfaltert veg og ca. 2,0m asfaltert fortau på den eine sida.

### **3.5 Naturgjevne tilhøve**

#### **Terrengtilhøve/Landskap**

I Aurland Naturverkstad si landskapskartlegging av Hordaland fylke, ligg planområdet innan Landskapsregion 20, *Kystbygdene på Vestlandet*. Planområdet ligg i typisk kystlandskap, med varierande terrenget og høgder. Terrenget er noko ulendt og kupert, med enkelte småbratte parti. Høgder varierer frå kote +0 ved Ulvsvatnet til haugar opp mot kote +39 moh.




Flyfoto i 3D av området.

## Grunntilhøve

Arealis viser at hovudbergarten i planområdet består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt. Størsteparten av planområdet (i sørvest) har lite lausmassar og Arealis viser at området består av bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke kor meir enn 50% av området består av fjell i dagen. Resterande del av planområdet (i nordaust) er det registrert hav- og fjordavsetning og strandavsetning. Denne lausmassetypen er brukt i grunnlendte område med hyppige fjellblottingar. Tjukkelsen på avsetningane er normalt mindre enn 0,5m, men kan lokalt vere noko større.

Det er ikkje registrert rasfare innanfor plangrensa, men på NVE sine karttenester kan ein sjå at det er registrert eit aktsemdområde for flaum innanfor plangrensa.



Aktsemdområde for flaum (Kjelde: nve.no).

## Vegetasjon

Ihht. kartdata frå Artsdatabanken føreligg det ingen registrerte planteartar som vil kunne få betydning for planen. Det vil seie ingen observasjonar av svartelista artar (framandartar som er trugsel for norsk biologisk mangfald)- eller raudelista artar (sjeldne/truga) som krev særskilt omsyn/vern.

Der hogstområdet har vore så finn ein no geitrams, blåbærlyng og røsslyng.


Det står igjen nokre grantre, men det er også blandingskog med både hassel, raun, furu, bjørk, eik og ei lerk her.



Del av opnare område med blandingsskog.

## Fauna

I artsdatabanken så finn ein at i kanten av planområdet så er det registrert vipe som er sterkt truga og i Ulvsvatnet så er det registrert oter som er registrert som sårbar.



Sirkelen i nord er ein registrering av Vipe gjort i 2017. Sirkelen i Ulvsvatnet er ei registrering av oter gjort i 2019.

Vipe er ein art som er på veg ned i området, mens oter er på veg tilbake igjen. På naturhistorisk nettverk så står det at leveområda til vipe er i kulturlandskapet: Dyrka mark med gras- og åkerproduksjon. Det står at dei ofte hekkar på jorder og at den moderne slåtten truleg er hovudfaktoren for at tilbakegangen då den ofte skjer i hekketida og med store maskinar som ikkje viser omsyn. Området som ein no regulerer er ikkje lenger dyrka og hovuddelen har heller ikkje vore det, så ein er usikker på om ein ved å regulere det vil endre noko på forholda til vipa her.


Når det kjem til oteren, så lever den hovudsakleg av fisk, men kan også ete krepsdyr, muslingar, amfibium, fuglar, smågnagarar og haredyr står det på wikipedia. På artsdatabanken så står det at dei har leveområde som varierer i utstrekning. Reguleringsplanen legg ikkje opp til utbygging i vatnet og den planlagde utbygginga vil såleis ikke endre mogleik til mat. Ein skal heller ikkje heilt ned til vatnet med utbygginga her og delar av strandsona blir liggjande som før langt opp på land.

## **Sol- og utsiktsforhold**

Landskapet er kupert, men heller hovudsakleg mot sørvest og høgste delen mot nord. Sol- og utsiktsforhold vert då rekna som gode.

## **Verneinteresser**

I samband med oppstartsmeldinga så har ein hatt arkeologar ute og registrert området. Det vart gjort ein del funn her.



Nye funnområde innanfor plangrensa.

Ein har i planforslaget verna desse områda og lagt nye tiltak utanfor desse områda. Nærare skildring av funnområda ligg under kap. 8.1.

## 4.0 EIGEDOMSTILHØVE

Planen omfattar eigedomane gnr./bnr.: 108/6, 108/13, 108/33, 108,41, 108/48, 108/85, 108/127, 108/158 og 108/216.

Gnr. 108 bnr. 4 er eigm av  
 Gnr. 108 bnr. 6 er eigm av  
 Gnr. 108 bnr. 13 er eigm av  
 Gnr. 108 bnr. 33 er eigm av  
 Gnr. 108 bnr. 41 er eigm av  
 Gnr. 108 bnr. 48 er eigm av  
 Gnr. 108 bnr. 85 er eigm av  
 Gnr. 108 bnr. 127 er eigm av  
 Gnr. 108 bnr. 158 er eigm av

Jan Nesse og Randi Andrea Olson Nesse  
 Roald Mikkelsen og Ragnhild Sofie Turøy  
 Per Heine Stavland  
 Sigurd Mikkelsen  
 Anders Stavland  
 Roald Mikkelsen  
 Jens P Ans Stavland  
 Hordaland Fylkeskommune og Statens vegvesen  
 Anders Stavland

## 5.0 PLANPROSESS

Oppstartsmøte 27.06.2018

Godkjenning av prinsippsøknad 22.10.2018

<u>Melding om oppstart</u>	utsending:	22.11.2018	Varselbrev
		22.11.2018	Annonse på kommunen sine nettsider
		22.11.2018	Annonse i avis "Bømlo Nytt"
	frist:	04.01.2019	

## 6.0 MERKNADER TIL OPPSTART AV PLANARBEID

I samband med oppstartsmeldinga er det komne inn nokre merknadar som fylgjer vedlagt. Her kjem våre kommentarar til merknadane.

### **Merknader til planarbeid – Melding om oppstart**

Oversikt merknader:

Nr	Avsendar		Dato
	Offentlege instansar - statleg/ kommunal		
1.	Bømlo kommune - teknisk drift v/Stein Erik Lyslo	e-post	22.11.2018
2.	BVA	e-post	29.11.2018
3.	NVE	e-post	21.12.2018
4.	Folkehelsekoordinator/ Barnas representant	e-post	01.04.2018
5.	Hordaland Fylkeskommune	e-post	02.01.2019
6.	Statens vegvesen	e-post	07.01.2019
7.	Fylkesmannen i Hordaland	e-post	10.01.2019
	Private/lag		
8.	Stavlandsneset Vel	e-post	03.12.2018
9.	Berit og Arnfred Stavland	Brev	19.12.2018
10.	Gunnar O. Stavland	e-post	04.01.2019

### **1. Bømlo kommune – Tekn. drift v/Stein Erik Lyslo, 22.11.2018**

Gjer merksam på at den delen av vegen/fortau til Stavlandsneset som er innanfor føreslått planavgrensing er i ein prosess der Bømlo kommune skal overta den som offentleg veg. Har lagt ved ei vegnorm som set krav til vegar som skal overtakast av kommunen.

#### **Kommentar:**

Ein vil ta omsyn til den pågåande prosessen. Vegar som skal overtakast av kommunen vil regulerast i tråd med krav i vegnorm.

### **2. BVA, 29.11.2018**

Skriv at det må lagast ein overordna VA- plan som skal følgje reguleringsplanen. Denne skal bestå av utgreiingar, planteikningar og andre naudsynte illustrasjonar/ teikningar. Ramsar elles opp nokre krav til VA-planen.

Skriv så at VA- plan må utarbeidast og godkjennast av BVA før anleggsstart. Kostnaden med framlegging, utbygging og tilkopling av VA- leidningar må takast av utbyggjar.

### **Kommentar:**

Det skal lagast overordna VA- plan i tråd med krav frå BVA. Det er laga ei enkel skisse til mogleg VA-løysing som ligg ved planforslaget. Det er vidare lagt inn rekkefølgjekrav som seier at VA-plan skal utarbeidast og godkjennast av BVA før anleggsstart.

### **3. NVE, 21.12.2018**

Kjem med litt generell informasjon om NVE og deira saksområde og viser til div. rettleiarar og verktøy som kan vere nyttige i planlegginga. Dei skriv vidare at dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, så skal dei ha planen tilsend ved offentleg ettersyn. Dei skriv at dei legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen og alle relevante fagutgreingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta.

### **Kommentar:**

Ein vil nytte NVE sine rettleiarar og verktøy i planlegginga. Ein er ikkje kjend med at det er fare for erosjon, skred, vassdrag m.v. innanfor planområdet. Det er vist at Ulvsvatnet kan gå over breddene sine, men nye tiltak i planen blir liggande ca. 6,0m høgare enn normalvassstanden her, så det skal ikkje vere noko problem. Ein vurderer det slik at det ikkje er behov for vidare utgreingar i samband med dette.

### **4. Folkehelsekoordinator/ Barnas representant, 04.01.2019**

Skriv at området er sentrumsnært, og at det er positivt med fortetting i eit allereie bebygd område. Skriv at Ulvsvatnet er eit vatn som vert nytta til bading og fritidsaktivitetar, og at ho difor rår til at det ikkje vert bygd for nært opp til vatnet då området kan framstå meir privatisert. Ho rår vidare til at det vert vurdert tiltak for å gjøre området endå meir attraktivt. Skriv så at ho legg til grunn at vegnettet til bustadfeltet er planlagd med fortau og peikar på at ein må sjå på kapasiteten på skulane (Svortland og Meling).

Vidare peikar ho på at innbyggjarane i Bømlo kommune har gjeve tilbakemelding på at dei saknar fleire møteplassar i nærmiljøa. Kjem med innspel om leikeplass kombinert med møteplass utforma som eit tun for å skape ein naturleg treffstad for bebruarar i alle aldrar. Til slutt skriv ho at det bør vurderast å knyte eksisterande sti/turløyper i nærområdet saman for slik å leggje til rette for tura. Viser til at turområdet Heimstadfjellet ikkje ligg langt frå planområdet.

### **Kommentar:**

Ein er klar over at delar av Ulvsvatnet vert nytta til bading og fritidsaktivitetar, og i planen vil ein leggje opp til at dei områda som i dag vert nytta av ålmenta, skal gjerast lettare tilgjengelege og meir attraktive. Mellom anna vil ein leggje betre til rette for tilkomst og for at det kan etablerast sittebenker etc. i området på land her.

Ein har også knytt gangvegar mot dagens sti-system frå bla. Stavlandsneset slik at det vil bli eit meir heiskapleg og variert turområde her, samt lagt ein felles parkeringsplass næraast badeområdet i bustadområdet.

### **5. Hordaland fylkeskommune, 02.01.2019**

#### Areal og transport

Skriv litt om samordna planlegging av areal og transport. Skriv at for å leggje til rette for nærliek til service og funksjonar slik at daglege behov kan nåast ved hjelp av sykkel, så bør det ikkje vere meir enn 2km frå større busetnader til næraaste senter. Stavlandsneset ligg 2 km frå Svortland og mellom to barneskular.

#### Barn og unge sine interesser

Skriv at viktige moment for å følgje opp born og unge sine interesser, er trafikktryggleik og trafikksikker skuleveg. Vidare skriv dei at det er viktig at uteoppholdsareal og areal til leik er sikra. Areala må vere store nok og eigne seg for leik og opphold for born i ulike årstider og aldersgrupper. Dei ber om at det vert teke omsyn til trafikktryggleik.

#### Samferdsel

Dei ber om at ein ser på utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesvegen og tilhøva for mjuke trafikkantar mellom planområdet og nærliggjande målpunkt.

#### Folkehelse

Skriv litt generelt om folkehelse og at ein ved planlegging av bustadområde kan leggje til rette for variasjon i storleik på bustadane. Auka tilgjenge i og kring eksisterande bustader vil kunne bidra til at folk kan bli buande lenger heime.

#### Universell utforming

Dei skriv at det er viktig å ha universell utforming med i alle planoppgåver og at planlegging etter plan- og bygningslova gir mange viktige premiss for universell utforming.

#### Klima og energi

Minner om regional klimaplan for Hordaland. Planen har mål som gjev at energibruken i bygningsmassen i Hordaland skal reduserast med 20% innan 2020 i høve til energibruken i 2007, og 25% i 2030. Dei ber om at det vert teke omsyn til dette i prosessen vidare.

#### Naturmangfold, friluftsliv, landskap, arkitektur og estetikk

Skriv at planlegginga må sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene. Dei minner om at planområdet ligg innanfor det regionale friluftsområdet Hallaråker. Ved bygging i skrånande terreng bør ein leggje vekt på terrengetilpassing av nye bygg og unngå store fyllingar og skjeringar.

Vidare skriv dei at planområdet ligg like ved det viktige regionale friluftsområdet Heimstadfjellet. Dette må takast omsyn til, og dei skriv at det er viktig at planlegginga sikrar grøntstruktur, samt ålmenn ferdsle og tilgjenge. Dei rår til at ein legg inn ei grøn sone langs vatnet. Dei viser til at forbodet i 100- metersbeltet ikkje gjeld i ferskvatn, men at tilhøve til landskap, friluftsliv og naturmangfold gjeld like mykje langs vatn og vassdrag.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Skriv at planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga.

Dei skriv at det ut frå deira arkiv er kartfesta to lokalitetar med automatisk freda kulturminne som med kringliggjande sikringssone strekk seg inn i søraustre del av planområdet. Dette er to steinalderbuplassar som i hovudsak ligg på naboeigedomen, 108/5. Det er også registrert ein steinalderbuplass som strekk seg over bytegrensa mellom 108/1 og 108/13 like nord for planområdet.

Dei skriv vidare at topografiske tilhøve i planområdet tilseier at det er stort potensiale for funn av fleire steinalderbuplassar, samt spor etter forhistorisk busetnad og jordbruksaktivitet frå brons- og jernalder. Dei finn det difor naudsynt med ei arkeologisk registrering i området. Dette må gjennomførast før dei kan gje fråsegn til planen. Dei skriv at dei ikkje har heimel til å krevje at registreringa vert gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Kostnadane må betalast av tiltakshavar og dei ber om at tiltakshavar tek kontakt med Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune for å få stadfesta omfang av registreringa og utarbeide eit kostnadsoverslag.

#### Kommentar:

#### Areal og transport

Som HFK skriv, så ligg planområdet <2,0km frå Svortland sentrum. Området ligg også nær barneskule. Ein meiner at området eignar seg godt til føremålet og vil leggje til rette for myke trafikkantar i planområdet.

#### Barn og unge sine interesser

Ein vil ha fokus på born og unge i planarbeidet. Ein vil sikre godt eigna leikeareal innanfor planområdet. Det skal regulerast inn fortau langs hovudtilkomstvegane i feltet, noko som vil bidra til å sikre ein trafikksikker skuleveg.

#### Samferdsel

Som nemnd så skal det regulerast inn fortau langs hovudtilkomstvegane i feltet, noko som vil bidra til å sikre ein trafikksikker skuleveg. Det er fortau langs fv. 4998 både mot Meling skule og Svortland sentrum. Ein vil sjå nærmere på krysset inn mot fv 4988 og sikre at dette er i tråd med Statens vegvesen sine handbøker.

#### Folkehelse

Det vil bli tilgjenge mellom eksisterande bustadfelt og nytt felt med tilrettelagde gangvegar. Det vil då også bli mogleik for fleire rundløyper og det er noko som ofte aukar bruken av områda til turaktivitetar. Områda mot vatnet som har enkel tilkomst frå land blir liggjande som frimråde. Ein har også lagt inn leikeområde i planen og i dei konsentrerte områda må dei tilrettelegge sine eigne nærliekeplassar.

#### Universell utforming

Som nemnd så er det bratte parti i området og det er ikkje eit enkelt område å ta seg fram på i dag. Hovudvegar har fortau og vil følgje veggnormalen som har stigningsforhold maks 8%, både bustadområda og dei konsentrerte områda vil ha uteområde som er flate og enkle å oppretthalde stigningskrav for universell tilkomst. Leikeområda vil bli opparbeidd slik at delar av dei også har universell tilkomst. Tek17 skal leggjast til grunn ved utforminga av feltet.

#### Klima og energi

Bygga fil oppfylle krav i Tek17.

#### Naturmangfold, friluftsliv, landskap, arkitektur og estetikk

Ein har i planforslaget vidareført stiar i området og bevart den viktigaste delen som blir nytta til friluft. Det er badeområdet i nordvest. Ein har også då vidareført stiar som knyt dagens bustadfelt til Heimstadfellet og utbygginga vil forenkle tilkomsten til Ulvsvatnet.

Området er kupert og ein vil ta ned nokre haugar og bevare nokre for å ei fornøytig utbygging her.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Ein har teke kontakt med Fylkeskonservatoren for å avtale arkeologisk registrering. Arkeologane har vore på arkeologisk registrering og funnområda er lagt inn i plankartet. Ein har i planen lagt nye tiltak utanom desse og lagt inn omsynssoner med tilhøyrande føresegner. Funna er omtalt i planomtalen i kap. 8.1.

## **6. Statens vegvesen, 07.01.2019**

Skriv at området vil ha tilkomst på privat veg til eksisterande kryss på fv.14. Ein må sjå til at krysset oppfyller krava til handbøkene. Skriv vidare at det er positivt at ein vil leggje til rette for fortau langs tilkomstvegane og at ein må sjå på om det er naudsynt med breiddeutviding på den private vegen frå fv.14 for å hindre opphoping.

Opplyser om at det er fortau langs fv.14 både mot Meling skule og Svortland sentrum. Vidare skriv dei at det har kome ynskje om fotgjengarkryssing på fv.14 frå bebuarar i området, og ein er no i gong med vurdering av evt. plassering av dette. Dei skriv at storleiken på utbygginga her gjer dette meir aktuelt. Det vil då vere snakk om ei kryssing med intensivbelysning og dette må leggjast inn som eit rekkefølgjekrav i planen. Dei vil koma attende til plassering og utforming.

### **Kommentar:**

Ein har utvida vegen til Stavelandsneset med 1,0m og lagt inn fortau på både sider opp til krysset til nytt felt. Ang intensivbelysning så bør det då bli eit samarbeid i og med at dette gjeld for meir enn planlagt felt. Fv14 er no kalla 4998.

### **7. Fylkesmannen i Hordaland, 10.01.2019**

Skriv at dei legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og ikkje er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken. Skriv så at konsekvensane planen har for naturmangfaldet skal vurderast og at ROS- analysa må nytte akseptkriteria som er i tråd med TEK17 og sjá på risiko både innanfor og utanfor planområdet som kan påverke tiltaket, og evt. risiko som følgje av tiltaket.

Dei skriv at ny utbygging bør innpassast terrenget og at markerte høgdedrag så langt som mogleg må sikrast. Vidare skriv dei at ein bør unngå høge skjeringar. Dei skriv så at dei har merka seg at kommunen ynskjer at det vert sett av ein buffer mot vatnet, og at dei finn dette viktig. Til slutt skriv dei at det er viktig å sikre gode gang- og sykkelsamband mot senterområdet.

### **Kommentar:**

Planforslaget er i tråd med kommuneplanen. Ein har teke vare på dei viktigaste fritidsområda som badeområdet og delar langs vatnet. Det er høgare område utanfor planområdet samt at ein har teke vare på nokre av haugane innanfor planområdet som gjer at ein ikkje får stor silhuett-effekt ved utbygginga. Det er likevel eit område som er ganske kupert, så det vil bli litt terrenginngrep. Ein ynskjer å gjere det på ein tiltalande måte og ved å etablere vegar og gangvegar her, så vil området bli mykje meir tilgjengeleg enn det er i dag. Det er ikkje synt byggegrense mot vatnet i kommuneplanen, og i føresegndene så er det berre vist til krav om byggegrense til sjø, ikkje vatn. Kommunen seier at dei også meiner at denne føresegnda gjeld mot "sjø, og viser til overordna retningslinjer. Dette er to eigedommar som både er sett av til bustad etter innspel til førre kommuneplan. Om ein skal inn med ei byggegrense på 25 eller 50m her så blir det ikkje noko byggeland igjen på eigedom 108/13. Viser då til «Reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen», kor Bømlø kommune ligg i sone 3. «*Bygging kan tillates etter en konkret vurdering ut fra lokale forhold. I områder uten press vil det være enklere for kommunene å gi tillatelse til å bygge enn i områder der presset er stort*». Vidare står det også at «*i byer og tettsteder skal behovet for fortetting og byutvikling tillegges vekt. Arealer til bolig-, sentrums- og næringsutvikling bør som et utgangspunkt prioriteres foran arealer til fritidsboliger*».

Byggegrenser skal fastsetjast i detaljreguleringa og vurderingane me har gjort oss her er at det aktuelle planområdet er sentrumsnært og at heile området vart opna for bustadbygging i kommuneplanen fordi ein ynskjer sentrumsnære bustadar her. Det er bygd bustadar heilt ned til vatn i sentrum og rundt sentrum i dag, så då er det nærliggande å meine at det burde gå an her også. Me har ingen ynskjer å bygge ned heile strandsona, og i den delen som er funksjonell og som blir brukt til friluftsliv i dag så har me ikkje lagd opp til noko ny utbygging. Dette er gjort for å bevare det som eit flott friluftsområde. Vidare så gjer ein dette området meir tilgjengeleg med stiar/turvegar igjennom friområda og ifeltet, samt at ein og legg leikeplass og felles parkering inn mot dette området. Med dette meiner ein at ein har ivaretatt det viktigaste friluftsområdet og i tillegg gjort det meir tilgjengeleg.

Me har då eit område på ca. 100m som ligg med ei byggegrense på ca. 15m til vatnet. Der tomtane startar ca. 10m frå strandlinja. Dette området er bratt og lite framkommeleg slik det ligg i dag og tomtane blir ca. 6,0m over normal vass-stand sjølv om ein tek terrenget ned her. Det vil vere med på å skape ein fin overgang til områda lenger bak, noko som vil skape ein god heilskap i planen.

### **8. Stavlandsneset Vel, 03.12.2018**

Skriv at det går nokre turstiar frå grinda nedanfor muren til Geir Steinsbø (husnr. 71) og over haugen og ned til Ulvsbekken. Skriv at denne må bevarast og at det er ein fin tursti som blir

brukt opp til Heimstadfjellet/ Hallerakersåta av svært mange. Han har illustrert stiane på eit kart, men er ikkje heilt sikker på korrekt trasé.

**Kommentar:**

Ein vil forsøke å ivareta turveg/sti så godt som mogleg. Der det ikkje let seg gjera, vil ein finne alternative traséar som erstattar dagens sti. Ein ynskjer med reguleringsplanen å leggje til rette for å sikre tilgjenge til turområda kring planområdet.

**9. Berit og Arnfred Stavland, 19.12.2018**

Ber om at det i planarbeidet vert vurdert vegløysing til deira tomt, 108/30. Dei har lagt ved skisse som viser plassering.

**Kommentar:**

Ein vil drøfte dette med tiltakshavar og evt. leggje det inn i plankartet. Ein ser at sjølv om me tar ned haugen bak tomta her så ligg me framleis 3-4m over inngangspartiet hans. Spørsmålet er om ein heller skulle laga til ein køyrbar gangveg sør for tomta.

**10. Gunnar O. Stavland**

Skriv at det må takast omsyn til kor ein rutar drenering av overflatevatn. Han skriv at det må leggjast grøfter slik at det ikkje vert tilført meir vatn inn på 108/5, då det i reguleringsplan R-88 står at det ikkje er tillate å grøfte i såkalla spesialområde grunna fortidsminne. Han skriv vidare at grøftene på 108/5 ikkje har kapasitet til meir vatn og at meir varn vil føre til oversvømming inn på bustadeigedomane nedst i Stavlandsneset.

**Kommentar:**

Ein vil ta omsyn til dette ved utarbeiding av overordna VA- plan. Ein har høve til å dra store delar av nytt overvatn i rør ned til Ulvsvatnet.

## 7.0 OMTALE / KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET

### Arealbruk (pbl § 12-5), arealoppgåve

Planområdet er totalt ca.

100,1 daa

Av det er:

1. Bygningar og anlegg

Bustader – frittliggjande – småhus, BFS1-BFS11	22,2	daa
Bustader – konsentrert – småhus, BKS1-BKS6	21,5	daa
Næringsareal, BN	0,1	daa
Vass- og avløpsanlegg, BVA	0,0	daa
Renovasjonsanlegg, f_BRE1- f_BRE4	0,1	daa
Leikeplass, f_BLK1-f_BLK3	2,4	daa

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg o_SKV1-o_SKV3, o_SKV7, SKV4-6, SKV8-SKV12	7,1	daa
Fortau, o_SF1-o_SF3	2,3	daa
Annan veggrunn – grøntareal, SVG1-SVG25	4,2	daa
Tekniske bygningar. STB	0,4	daa
Parkeringsplassar, f_SPA1-f_SPA2	0,2	daa

3. Grønstruktur

Turveg, GT1-GT5	1,7	daa
-----------------	-----	-----

4. Landbruks-, natur- og friluftsformål			
Friluftsformål, LF1-LF6		37,8	daa
4. PBL §12-6. Omsynssoner			
Frisikt, H140_1-H140_10	0,5	daa	
Bevaring av kulturmiljø, H570_1 – H570_7	3,3	daa	
Bandlegging etter lov om kulturminne, H730_1 – H730_6	1,3	daa	

## BYGNINGAR OG ANLEGG

### Bustader – frittliggjande - småhus, BFS1-BFS11

Det er 1 stk. bustad innanfor området i dag (BFS1). I planen så har ein lagt inn til saman 26 nye bustadomter fordelt på BFS2-BFS9. BFS10 er del av eksisterande bustadomter og vidareført frå gjeldande reguleringsplan i området.

Ca. høgdeplassering for bygg er vist i plankartet, men endeleg plassering, bygga si utforming, møneretning og endeleg høgdeplassering skal fastsetjast nærmere i byggjemeldinga av bygga. Maksimalt tillate bygd areal, BYA er 25% inkl. garasjer biloppstellingsplassar o.l.. Maks mønehøgd er 9 meter. På tomtene skal det vere plass til garasje og i tillegg minst ein biloppstellingsplass på eigen grunn. Frittliggjande garasje/carport/bod kan plasserast utanfor byggegrensa, men minst 1m frå nabogrense og 1m frå køyreveg dersom garasje/carport ligg parallelt med vegen, dvs. at ein ikkje skal kunne rygge rett ut i køyreveg, men snu på eigen grunn.. Frittliggjande garasje/carport/bod kan byggjast med inntil 50m2 BYA. Maks mønehøgd er 6,0m.

### Bustader – konsentrert – småhus, BKS1-BKS6

Det er sett av 6 delområde for konsentrert bustadbygging, BKS1 - BKS6. I områda kan det førast opp konsentrerte einebustader (frittliggjande eller i rekkje) og fleirmannsbustader. Ein har ikkje klart føre seg kva type eller eksakt kor mange bueiningar som skal førast opp i desse områda, men ein ser føre seg at tal på einingar vil liggje ein stad mellom


BKS1:	ca. 8-16 einingar
BKS2:	ca. 4-8 einingar
BKS3:	ca. 8-16 einingar
BKS4:	ca. 10-20 einingar
BKS5:	ca. 18-36 einingar
BKS6:	ca. 8-16 einingar

Det er truleg ei stund til desse områda skal byggjast ut, og det er difor vanskeleg for tiltakshavar å seie noko om etterspurnad og behov i framtida. I samband med utbygging av kvart delområde (BKS1, BKS2, BKS3 osv.) skal det utarbeidast ein detaljert situasjonsplan som skal følgje byggjesøknaden. Situasjonsplanen skal vise plassering og høgde på bygg, tilkomst og parkering, samt tomteinndeling.

Det skal også utarbeidast utomhusplan som i detalj viser arealbruken rundt bygningane, storleik og tal på bueiningar. Denne skal godkjennast av kommunen seinast i samband med rammesøknad.

### Næringsbygningar, BN

Det er eit lite areal som går inn på 108/13 som er sett av til næring i kommuneplanen.



Det er ein fabrikk lenger inne som produserer tomatpuré og honning så derfor er dette sett av til næring. Arealet som er med i planen er ikkje brukt til noko og ligg inn til ein eldre låve.

#### Vass- og avlaupsanlegg, BVA

Ein må ha ein pumpestasjon for feltet. Den har ein plassert nedst i området og sett av eit arealformål til den.

#### Renovasjonsanlegg, f BRE1-f -BRE4

Områda skal nyttast til plassering av bossdunkar/bosscontainer samt postkassestativ. Områda er plassert langs veg for å sikre enkel tilkomst for bossbil.

#### Leikeplass, f BLK1- f BLK3

Det er satt av 3 område for felles leikeplassar i planen. Områda skal opparbeidast som nærliekeplassar for bustadane innanfor planområdet. Områda skal nyttast til leik og fritidsaktivitet. Leikeapparat, sandkassar, rastepllassar o.l. kan plasserast i området, etter detaljplan godkjent av kommunen. Områda som er vald ligg sentralt i feltet, er ikkje for bratte og har gode soltilhøve. Områda skal sikrast med gjerde mot veg der det er naudsynt.


## **SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

#### Køyreveg, o\_SKV1- o\_SKV3, o\_SKV7, SKV4-SKV6, SKV8-SKV12

o\_SKV1 og o\_SKV7 er del av Stavelandsvegen.

o\_SKV2 er offentlege veg som skal opparbeidast med 5,5m asfaltert breidde. Vegen er bygd, men i samband med utbygginga her så vil ein utvide den med ca. 0,5m og lage fortau slik at det no blir fortau på både sider.


o\_SKV3 skal vere offentlege veg og hovudtilkomst til feltet. Den skal opparbeidast med 4,5m asfaltert kjørebane og ha normalprofil etter breddene synt i illustrasjon under.



### NORMALPROFIL A-VEGER

Mål 1:50


SKV4 og SKV5 skal opparbeidast som felles avkjørsle for tilgrensande eideomar. Vegen skal opparbeidast med 4,5m asfalt og etter breddene synt i illustrasjon nedanfor.



### NORMALPROFIL AVKJØRSEL 11-30 bueiningar

Mål 1:50

SKV6, SKV11 – SKV12 skal opparbeidast som felles køyreveg for tilgrensande eideomar. Vegane skal opparbeidast med 3,0m asfalt og etter breddene synt i illustrasjon nedanfor.



## NORMALPROFIL AVKØYRSEL 2-4 bueiningar Mål 1:50

SKV8-SKV10 er eksisterande tilkomstvegar som blir liggande slik som i dag.

### Fortau, o\_SF1-o\_SF3

O-SF1 blir nytt fortau ved dagens veg til Stavelandsneset. Då får ein fortau på både sider her og ein slepp krysse vegen for å gå mot skulen.

O\_SF2 blir nytt fortau langs tilkomstvegen i nytt felt. Den blir offentleg og vil betre tilkomst til badeområde frå denne austsida.

O\_SF3 er dagens fortau langs tilkomstveg Stavelandsneset.

### Annan veggrunn – grøntareal, SVG1-SVG25

Langs køyrevegane er det lagt inn areal for anna veggrunn. Dette arealet kan nyttast til snølagring, skulder, vegutviding, avkøyrsler, grøfter, murar, skråningar og skjeringar.

### Tekniske bygningar/ konstruksjonar, STB

BVA har ein kommunal pumpestasjon her og ein har då sett av eit godt areal til den.

### Parkeringsplassar, f\_SPA1-f\_SPA2

Det er sett av 2 stk. parkeringsplassar innanfor planområdet. Talet på parkeringsplassar innanfor desse områda er totalt 9 stk. F\_SPA1 skal vere felles privat parkeringsplass for eigarane av bustadane innanfor planområdet. F\_SPA2 skal vere felles privat parkeringsplass for eigarane av bustadane innanfor planområdet.

## GRØNSTRUKTUR

### Turveg/ gangareal, GT1-GT5

Det er nokre stiar og traktorvegar i området i dag. Ein ynskjer å vidareføre eksisterande stiar/ traktorvegar som går gjennom områda som er sett av til friluftsformål. GT1 er sti i terren. Regulert breidde er 3,0m. Stien skal vere open for allmenn ferdsel (vert lagd i same trase som eks traktorveg / sti). Mindre terrenginngrep er lov for å betre tilgjenge. GT2 og GT3 er

stiar i terrenget. Regulert breidde er 3,0m. Stiane skal vere opne for allmenn ferdsel. Mindre terrengeinngrep er lov for å betre tilgjenge. GT4 og GT5 vil opparbeidast som stiar og vidareføre eks. stiar som er her i dag. Mindre terrengeinngrep er lov for å betre tilgjenge.

## LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT

### Friluftsformål, LF1 – LF6

LF1-LF7 er areala utanfor byggjeområda, og er meint som friluftsområde for ålmenta. Områda kan nyttast som rekreasjonsområde, og skal vere fritt tilgjengelege. I områda LF1 – LF7 kan det ikkje førast opp bygg eller konstruksjonar som er til hinder for å nyttja områda som friluftsområde. Det kan leggjast til rette for vatn- og avlaupssystem i friområda. Så langt råd er skal eksisterande terrengefjord og vegetasjon takast vare på.

I reguleringsplanen legg ein til rette for at det kan etablerast eit offentleg friområde i tilknyting til det eksisterande badeområdet i nordre del av Ulvsvatnet. I dag er det hovudsakleg badeområdet like nord for LF1 som er nyttja av ålmenta. I planen har ein vidareført eks. traktorveg som sti gjennom LF1, og her kan det tillatast mindre terrengeinngrep for å betra tilgjenge ytterlegare. Ein har forsøkt å kople saman stiar og vegar for å skape betre flyt og tilgjenge for ålmenta gjennom bustadfeltet og til friområda kring.

## OMSYNNSSSONER

### Frisikt, H140\_1 – H140\_10

Innanfor desse sonene må det vere tilfredsstillande sikt i kryss og avkjørsler.

### Bevaring av kulturmiljø, H570\_1 – H570\_7

Det er registrert i alt 7 lokalitetar med kulturminne som er automatisk freda innanfor plangrensa (Askeladden id: 262771, 262772, 262773, 262774 og 267332). Lokalitetane vart registrert i samband med ei arkeologisk registrering som følgje av planarbeidet. Lokalitetane er skildra nærmere i kap. 8.1. Omsynssone H 570 skal hindre varige eller mellombelske tiltak som er egna til å utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne, eller endre opphavleg topografisk samanheng, jf. kulturminnelova § 6. Eventuelle tiltak i omsynssone H 570 må avklarast med kulturminnemynde.

### Bandlegging etter lov om kulturminne, H730\_1 – H730\_6

I desse areala ligg det forhistoriske kulturminne (askeladden id. 262771, 262772, 262773, 262774 og 267332). Områda er automatisk freda. I omsynssone H730 er det ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelske inngrep som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kulturminnelova § 3.

## TEKNISKE ANLEGG

### Vatn og avlaup

Det er utarbeidd ein overordna VA- plan som ligg vedlagd.

### Overvatn

Overvatn vert ført til terrenget/vatn.

### Straum

Det er straum i nærområdet i dag og det vil ikkje vere noko problem å leggje straum til nye einingar.




## 8.0 PLANFAGLEGE VURDERINGAR

### 8.1 *Kulturlandskap og kulturminne*

I samband med oppstartsmeldinga, skreiv Hordaland fylkeskommune at dei vurderte området til å ha stort potensiale for funn av steinalderbuplassar, spor etter forhistorisk busetnad og jordbruksaktivitet frå bronse- og jernalder på grunn av dei topografiske tilhøva. Dei stilte difor krav om at det måtte utførast ei arkeologisk registrering av planområdet for å oppfylle undersøkingsplikta. Den arkeologiske registreringa vart utført i tidsrommet 27. – 29. mai 2019, 11. – 14. juni 2019 og 17. – 20. juni 2019, og det vart gjort funn av i alt 5 stk. automatisk freda kulturminnelokalitetar. Desse er no registrert i Riksantikvaren sin kulturminnedatabasen «Askeladden» med id. nr. 262771, 262772, 262773, 262774 og 267332. Det er her snakk om ein steinalderlokalitet, ein dyrkings- og kokegropslokalitet, ein avsviingslokalitet, ein rein dyrkingslokalitet og til sist ei busetjingsflate med eldstad. Det vart også påvist tre ikkje freda funnstader innanfor plangrensa (id 267368, 267369 og 267370).


Nedanfor syner ein eit kart som viser kor dei ulike funnlokalitetane innanfor planområdet.



Kart som viser alle funnområda innanfor planområdet.

Nedanfor følgjer ei skildring av dei ulike funnområda. Informasjonen er henta frå Askeladden.ra.no.

## ID 262771 - Kokegrops- og dyrkingslokalitet:



ID .....	262771
Navn .....	kokegrops- og dyrkings lokalitet - Stavlandskleivane
Lokalisatorkategori .....	Arkeologisk minne
Lokalisatortype .....	Dyrkingsspor
Fylke .....	Vestland
Adm. kommune .....	Bømlo (4613)
Ansvarlig organisasjon .....	Vestland fylkeskommune
Synlig over markoverflaten .....	Nei
Registreringstype .....	Andre planregisteringer
Registreringsmetode .....	Maskinnell sjakting
Siste hendelser .....	Registrering (17.06.2019), Terregnbeskrivelse (17.06.2019), Funksjon (17.06.2019), Tilstand (17.06.2019)
Eiendommer .....	108/6 - STAVLAND

### Utfyllende beskrivelser ▾

#### Beskrivelse

Lokaliteten ligg i innmark i nordlege del av planområdet på eigedom gnr. 108, bnr. 6. Den ligg i eit ujamt, noko kupert terreng som skrånar frå aust mot vest og frå sør mot nord. I nord vert lokaliteten avgrensa av myrlendt mark og negative sjakter. Den vert avgrensa av negative sjakter mot aust og vest, og av negative sjakter og terrenget, i form av ein knaus mot sør. Det vart ikkje grave sjakt nord for sjakt 3, då der er berg. Lokaliteten vert avgrensa til fire positive sjakter (sjakt 3, 5, 19 og 21), og strekk seg om lag 20 x 30 m. Dyrkingslaget er til stades i sjakt 5, 19 og 21. Medan sjakt 3 og 5 har strukturar, dette i form av kokegropar. Det er høvesvis ei kokegrop i sjakt 3 og to i sjakt 5.


Som nemnt er dyrkingslaget til stades i sjakt 5, 19 og 21. Berre sjakt 3 og sjakt 5 har strukturar. I Sjakt 3 vart det registrert ei kokegrop (S1), og i sjakt 5 vart det registrert to kokegropar (S2 og S3).

#### Undersøkelser

##### Terregnbeskrivelse

- Dyrka mark

## ID 262772 - Avsviingslokalitet:



ID .....	262772-0
Navn .....	Avsviings lokalitet- Stavlandskleivane
Lokalitetskategori .....	Arkeologisk minne
Lokalitetsart .....	Dyrkingsspor
Enkeltminnekategori .....	Arkeologisk minne
Enkeltminneart .....	Dyrkingsflate
Opprinnelig funksjon .....	
Fylke .....	Vestland
Adm. kommune .....	Bømlo (4613)
Ansvarlig organisasjon .....	Vestland fylkeskommune
Synlig over markoverflaten .....	Ja
Siste hendelser .....	Registrering (17.06.2019), Tilstand (17.06.2019), Undersøkelse (17.06.2019), Datering (17.06.2019)
Eiendommer .....	108/6 - STAVLAND

### Utfyllende beskrivelser ▾

#### Beskrivelse


Avsviingsflate, laget ligg om lag 30 cm under torva

#### Undersøkelser

##### Kulturminnesøk ▾

Avsviingsflate, laget ligg om lag under 30 cm torv. Lokaliteten ligg på gnr.108, bnr. 6 i nordvestlige del av planområdet, på 21-23 moh. Den ligg på ei flate som kan skildras som gjengrodd tidlegare innmark, omkransa av bergknusar i nord, nordaust, vest og nordvest. Mot sør og aust vert lokaliteten avgrensa med negative prøvestikk. Det vart i alt teke åtte prøvestikk for å avgrensa lokaliteten, kor av tre var funnførande (Amf14, 15 og 16). Eit av stikka (Amf 21) vart teke nord-nordvest for lokaliteten, like nordvest for sti/gangveg i gjengrodd dyrka mark. Sør for marka kor lokaliteten ligg er skogkledde områder, det er og skog nord og vest for den. Lokaliteten har ei utstrekking på om lag 15 x 20 m. I dei positive stikka (Amf 14, 15 og 16) vart det påvist eit svært trekolhaldig lag (kol-linse) som vart tolka som eit avsviingslag

## ID 262773 – Dyrkingslokalitet:



ID .....	262773-0
Navn .....	dyrkingslokalitet - Stavlandskleivane
Lokalisatorkategori .....	Arkeologisk minne
Lokalisatsart .....	Dyrkingsspor
Enkeltminnekategori .....	Arkeologisk minne
Enkeltminneart .....	Dyrkingsflate
Opprinnelig funksjon .....	
Fylke .....	Vestland
Adm. kommune .....	Bømlo (4613)
Ansvarlig organisasjon .....	Vestland fylkeskommune
Synlig over markoverflaten .....	Ja
Siste hendelser .....	Registrering (13.09.2019) , Datering (13.09.2019) , Funksjon (13.09.2019) , Vernestatus (13.09.2019)
Eiendommer .....	108/6 - STAVLAND , 108/13 - HAUGATUN

### Utfyllende beskrivelser ▾

#### Beskrivelse


dyrkingsflate

#### Undersøkelser

#### Kulturminnesøk ▾

Einfasa dyrkingslag/fossilt åkerlag, lokalitet ligg på gnr.108, bnr. 6. Den ligg om lag midt i planområdet, og vert avgrensa til den vest-nordvest vendte hellinga som ligg like vest for Id 262771. Lokaliteten vert naturlig avgrensa av terrenget i seg sjølv og av nærliggande negative sjakter. I den smale graskledd hellinga vart det grave to sjakter (sjakt 15 og 16), dyrkingslaget er til stades i begge to, i heile sjakta. I sjaktene (sjakt 15 og 16) kor dyrkingslaget vart påvist er det 30-40 cm med silt- og humushaldig gråbrun matjord i toppen. Under dette følger dyrkingslaget, som kan skildras som siltig og svært kolspetta gråbrun jord. Det er noko meir minerogen enn laget over, og om lag 40 cm tukt. Under er 15 til 20 cm med gulbrun kolspetta sandhaldig silt, truleg noko utvaska kol frå laget over, til sist er oransje sandhaldig silt. Det vart teke ut ei prøve frå sjølve dyrkingslaget, lag 2 (VP 9) og ei prøve (VP 5) frå laget under (lag 3). Det vart prioritert å senda inn prøven VP 9. Prøven vart C-14 datert til 2980 +/- 30 BP / 1297-1111 cal BC, altså slutten av eldre bronsealder.

## ID 262774 – Busetjingsflate:



ID .....	262774-0
Navn .....	bisetjingsflate - Stavlandskleivane
Lokalitetskategori .....	Arkeologisk minne
Lokalitetsart .....	Bosetning-aktivitetsområde
Enkeltminnekategori .....	Arkeologisk minne
Enkeltminneart .....	Bosetningsspor
Opprinnelig funksjon .....	Bolig, bosetning
Fylke .....	Vestland
Adm. kommune .....	Bømlo (4613)
Ansvarlig organisasjon .....	Vestland fylkeskommune
Synlig over markoverflaten .....	Ja
Siste hendelser .....	Registrering (13.09.2019) , Datering (13.09.2019) , Funksjon (13.09.2019) , Vernestatus (13.09.2019)
Eiendommer .....	108/6 - STAVLAND

### Utfyllende beskrivelser ▾

#### Beskrivelse


eldstad og mogleg tuft

#### Undersøkelser

#### Kulturminnesøk ▾

Lokaliteten ligg på grnr.108, bnr. 6, om lag midt i planområdet, i skogen like sør for den dyrka marka. Han ligg på ei vestvendt hylle mellom 20 og 22 moh. Flata vert naturlig avgrensa av terrenget i seg sjølv. Mot vest vert flata avgrensa av bratt skråande terreng, som skrånar ned mot steinalderlokalisiteten. Lokaliteten vert elles avgrensa av forhaldsvis bratt skråande terregn i dei andre respektive himmelretningane. I samband med prøvestikking etter steinalder, vart det lokalisert ein eldstad i eit av prøvestikkja. Stikket vart utvida til ei sjakt om lag 3,5 x 2 m, det vart ikkje registrert kulturlag eller andre strukturar i den handgravne sjakta. Det vart i tillegg grave tre prøvestikk, samt ei anna handgrave sjakt i ei voll som vi trudde kunne vera rester etter ei tuft, dette resulterte deretter ikkje i funn. Det vart difor berre registrert ein struktur på flata. Det var deretter ikkje mogleg å få inn gravemaskina på staden grunna kupert terreng, skog og ein gammal steingard i nordlege del av flata. Ein kan ikkje sjå bort frå at det er andre strukturar på flata, som ikkje vart lokalisert i samband med undersøkinga. Eldstaden i sjakta vart dokumentert i plan og vart dels snitta i sørvest. Eldstaden er om lag 80 x 80 cm, og består av eit feitt trekol-lag med ein djupn på 3-4 cm. Massane er òg noko silt- og sand blanda, i botnen av eldstaden er silt og opplyst berg. Det vart teke ut ei trekolprøve som vart sendt til C-14 datering (VP7). Eldstaden vart datert til 2220 +/- 30 BP / 375-203 cal BC, altså førromersk jernalder/eldre jernalder.

## ID 267332 – Steinalder lokalitet:



ID .....	267332-0
Navn .....	Steinalder lokalitet Stavlandskleivane
Lokalitetskategori .....	Arkeologisk minne
Lokalitetsart .....	Bosetning-aktivitetsområde
Enkeltminnekategori .....	Arkeologisk minne
Enkeltminneart .....	Bosetningsspor
Opprinnelig funksjon .....	
Fylke .....	Vestland
Adm. kommune .....	Bømlo (4613)
Ansvarlig organisasjon .....	Vestland fylkeskommune
Synlig over markoverflaten .....	Ja
Siste hendelser .....	Registrering (20.06.2019) , Vernestatus (20.06.2019) , Datering (20.06.2019) , Tilstand (20.06.2019)
Eiendommer .....	108/6 - STAVLAND

### Utfyllende beskrivelser ▾

#### Beskrivelse

Lokaliteten ligg på gnr. 108, bnr. 6, omrentlig midt i planområdet men mot vest. Den ligg på ei vest-sørvest vendt flate i eit drag om lag 7-8 moh, i skogen like sørvest for Id 262774. Den ligg i eit drag som er omkransa av bergveggar og knausar i vest, aust og nord. Mot sør vert den avgrensa av bratt skråande terren, som skrånar brått ned mot vatnet i sør. Det vart teke åtte prøvestikk i området for å avgrensa lokaliteten, av desse er to prøvestikk positive (RS 6 og RS 11). I nord og vest, og dels i sør vert det satt negative stikk, medan lokaliteten vert avgrensa av topografin i seg sjølv i form av bergvegg i aust og bratt skrående terren og berg i sør. Det vart teke prøvsetikk der det var mogleg å finna massar.

Lokaliteten vert som nemnt definert av dei to funnførande prøvestikk RS 6 og RS 11. I RS 6 vart det funne totalt fire avslag. Eit avslag i kvartsitt, to avslag i flint og eit avslag i rhyolitt. Alle funna, med unntak av rhyolitt avslaget vart funne i bøttelag 3. Rhyolitt avslaget vart funne ved opprens av stikket, og det er noko usikkert kva bøttelag det kjem frå. I RS 11 vart det gjort to funn, eit avslag av kvartsitt i bøttelag 1, og ei småflekk i rhyolitt i bøttelag 2.

Den fullstendige rapporten som er utarbeidd av Vestland fylkeskommune ligg vedlagd. H570\_6 og 7 er omsynssonar kring allereie kjende kulturminne med id 96524-1 og 96522-1 som stikk inn i planområdet.

Det er ikkje SEFRAK-registrerte bygningar innanfor planområdet. Det er også nokre steingardar i nordvest, men desse ligg utanfor dei områda som opnar for tiltak.



### **Konklusjon:**

I plankartet har ein lagt inn omsynssoner kring alle funnområda, samt ei sikringssone på 5,0m kring desse. I omsynssone H730 og H570 er det ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kulturminnelova § 3. Alle dei forhistoriske kulturminna som er funne innanfor planområdet har ein regulert som ein del av større område sett av til friluftsformål. Friluftsformåla har større utstrekking kring kulturminna enn det sikringssona har. Ein har difor vurdert det slik at ei sikringssone på 5m kring funnstaden vil vere tilstrekkeleg for å ivareta lokalitetane og den landskapsmessige konteksten dei opptrer i.

## **8.2 Samfunnsverknader**

### **Lokalt / Nærmiljø**

Den planlagde utbygginga vil føre til auka aktivitet i området og med det meir bruk av infrastrukturen og området generelt. Stavlandsvegen (veg 4998) og den eksisterande kommunale tilkomstvegen, *Stavlandsneset* er ansett for å vere i god nok til å ta den trafikkauken som utbygginga vil føre med seg.

I reguleringsplanen legg ein til rette for at det kan etablerast eit offentleg friområde i tilknyting til det eksisterande badeområdet i nordre del av Ulvsvatnet. Dette er svært positivt for nærmiljøet.

### **Omsyn til naboar**

Ein har lagt til rette for betre avkørsler for 2 eksisterande tomter langs o\_SKV3. Ein har opna opp for å utvide den kommunale vegen *Stavlandneset* og å legge ekstra fortau her. Vidare så legg ein opp til at det er gangvegar/stiar igjennom feltet og til dømes ned til badeområdet som alle kan nyte.

Planområdet ligg slik at det ikkje vil ta nok utsikt eller sol for eksisterande bustadar.

### **Kommunalt**

I Bømlo kommune ynskjer ein vekst og aktivitet, og det er etterspurnad etter tomter i området. Området på Stavlandskleivane er attraktivt, og det ligg i nærleiken av Meling skule. Vidare er det berre om lag 1,3km til Svortland sentrum, kor ein finn butikkar, idrettsanlegg, kyrkje m.m. Planen vil i stor grad ivareta dei gode kvalitetane som er i området. Ein legg opp til at nye køyrevegar og VA- anlegg skal overtakast av kommunen etter at det er bygd ut. Det føreligg ikkje avtale om overtaking pr. i dag, men dette er ynskjeleg, då ein ser det som naturleg at kommunen brøyer hovudvegen inn i feltet og at veglysa vert overteke. Kommunen har elles ingen ålmenne interesser.

### **Konklusjon:**

Samfunnsmessig er det ingen negative konsekvensar. For utviklinga av Bømlo kommune er det positivt at det vert lagt til rette for bustadbygging i eit område som ligg såpass nært Svortland sentrum. Feltet vil kople seg på kommunalt vass- og avlaupsanlegg, og vil såleis gje kommunen inntekt i form av tilkoplingsavgift.

## **8.3 Transport**

### **Bil**

Planen vil føre til litt auka biltrafikk. Fv4998 og eksisterande avkørsler frå fylkesvegen er gode nok til å ta den auka belastninga som planen vil gi i form av biltrafikk.

Det er også regulert inn fortau langs o\_SKV2 og o\_SKV3 for å gjøre det tryggare for mjuke trafikantar å ferdist i bustadfeltet.

Parkerings skal hovudsakeleg skje på eigen grunn, men det er også satt av ein felles parkeringsplass for gjesteparkering sentralt i feltet. I områda for konsentrert utbygging vil truleg delar av parkeringa skje på felles parkeringsplass innanfor kvar enkelt "stortomt".

## Gang- og sykkelveg

Det går som nemnt nokre stiar og ein traktorveg i området i dag. I den nye reguleringsplanen vil ein følgje den eksisterande traktorvegen og lage gangveg ned til det mykje brukte badeområdet og friområdet kring. Ein har også regulert inn gangveg frå SKV5 som leier sør til utmark og turområde der. Elles er eksisterande stiar «erstattat» av køyrevegar med fortau som gjer feltet tilgjengeleg for mjuke trafikantar.

## Kollektivtransport


Det går buss langs fylkesvegen i dag, og det er eit eksisterande busstopp like aust for den eksisterande avkjørsla til det nye bustadfeltet. Den planlagde utbygginga vil ikkje medføre nokon form for ulempe for eksisterande busstrafikk i nærområdet. Det er kort avstand til busstopp frå planområdet.

## Båt

Ikkje relevant. Ein har ikkje lagt opp til etablering av kaiar eller bryggjeanlegg i planen.

## Støy

Statens vegvesen har utarbeidd støyvarselskart for ei rekke kommunar, og Bømlo er ein av dei. Støyvarselskarta er utarbeidd etter Miljøverndepartementet sine retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Støyvarselskartet nedanfor viser berekna raud (Lden>65dB) og gul (Lden>55db) støysone langs fylkesvegen. Kartet viser ein prognosesituasjon 15-20 år fram i tid. ÅDT er altså framskrivne basert på prognosar.



Berekna støyvarselskart for Fv14. Kjelde: Statens vegvesen.

Som ein ser av kartet, så er det nokon eksisterande bustader i området som ligg innanfor gul støysone. Nye planlagde bustader skal ikkje verta liggjande innanfor gul eller raud støysone. Den trafikkauken som utbygginga vil føre med seg, vil vere av same art som den trafikken som er i området i dag, og vil kome frå småbilar. Ein må pårekne noko meir støy i samband med anleggsperioden. Omfanget vil ikkje vere så stort at det skal vere problematisk. Fordi nye bustader vert liggjande utanfor gul sone i Statens vegvesen sin kart, har ein vurdert det slik at det ikkje er naudsynt å gjennomføre ytterlegare støyfaglege vurderingar i samband med reguleringsplanarbeidet.

Det er ikkje noko problem med støy frå fabrikken som ligg her i dag. Produksjonen føregår innandørs og det ligg eksisterande bustadar nærmare enn nye bustadar vil komme.

### Trafikktryggleik

Auka trafikk vil normalt gje auka trafikkfare. Det er etablert fortau langs Fv4998 austover til Svartland sentrum og austover til Meling skule, som vert nærskulen til borna i det nye bustadfeltet. Vidare har ein lagt inn fortau langs o\_SKV2 og o\_SKV3 i planen og siktsonar i alle kryss/ avkjørsler. Fartsgrensa på internvegane i feltet vil bli låg (30km/t) og vil ha avgrensa trafikkmengd.


#### Konklusjon:

Planen vil gje ei lita auke i biltrafikken, men internvegar i feltet vil få låg fartsgrense og avgrensa trafikkmengd. I tillegg har ein lagt inn fortau langs dei vegane som blir mest trafikkert i feltet. Planen har så og seie ingen innverknad på busstrafikken. Nye bustader ligg ikkje innanfor gul støysone frå fv14, og ein har difor vurdert det slik at ytterlegare støyfaglege vurderingar ikkje er naudsynt.

## 8.4 Friluftsliv

### Friluftsliv

Området er ikkje registrert som viktig friluftsområde, men ligg i nærleiken av det viktige friluftsområdet «Heimstadfjellet». Ein har sikra tilkomst til dette friluftsområdet via køyrevegar og sti i planområdet.



Biletet viser det registrerte viktige friluftsområdet Heimstadfjellet.

Den planlagde utbygginga vil ikkje påverke det registrerte friluftsområdet direkte, men utsikta frå dei delar av friluftsområdet som har direkte innsyn til planområdet vil endre seg noko når området blir bygd ut. Området kring planområdet er allereie bygd ut, så det ber allereie sterkt preg av menneskeleg aktivitet.

Tiltaket vil ikkje kome i konflikt med eksisterande badeplassar eller andre kjende friluftsinteresser i området. I planen lagar ein betre tilkomst til den eksisterande badeplassen like nord for planområdet, samt at ein regulerer området på land kring badeområdet til friluftsformål som skal vere ope for ålmenta.


#### *Konklusjon:*

Planen vil ikkje medføre nemneverdige konsekvensar for friluftslivet.

## **8.5 Naturmiljø og Naturmangfaldslova**

### **Biologisk mangfold**

Inngrep og utbygging i naturen vil alltid medføre negative verknader for biologisk mangfold. Det er ikkje registrert verneverdige naturområde eller kulturlandskap i området. I artsdatabanken så finn ein at i kanten av planområdet så er det registrert vipe som er sterkt truga og i Ulvsvatnet så er det registrert oter som er registrert som sårbar.



Sirkelen i nord er ein registrering av Vipe gjort i 2017. Sirkelen i Ulvsvatnet er ei registrering av oter gjort i 2019.

Vipe er ein art som er på veg ned i området, mens oter er på veg tilbake igjen. På naturhistorisk nettverk så står det at leveområda til vipe er i kulturlandskapet: Dyrka mark med gras- og åkerproduksjon. Det står at dei ofte hekkar på jorder og at den moderne slåtten truleg er hovudfaktoren for at tilbakegangen då den ofte skjer i hekketida og med store maskinar som ikkje viser omsyn. Området som ein no regulerer er ikkje lenger dyrka og hovuddelen har heller ikkje vore det, så ein er usikker på om ein ved å regulere det vil endre noko på forholda til vipa her.

Når det kjem til oteren, så lever den hovudsakeleg av fisk, men kan også ete krepsdyr, muslingar, amfibium, fuglar, smågnagarar og haredyr står det på wikipedia. På artsdatabanken så står det at dei har leveområde som varierer i utstrekning. Reguleringsplanen legg ikkje opp til utbygging i vatnet og den planlagde utbygginga vil såleis ikke endre mogleik til mat. Ein skal heller ikkje heilt ned til vatnet med utbygginga her og delar av strandsona blir liggjande som før langt opp på land.

## Geologi


Bergarten diorittisk til granittisk gneis, migmatitt som dominerer i planområdet, er vanleg å finna i Bømlo kommune og fleire andre stader i Noreg. Planen omfattar ingen område med krav til geologisk vern eller bergartar av særskild interesse. Det er heller ikkje registrert fare for lausmasseskred eller snøskred i området.

Som nemnt under pkt. 3.5 så er det registrert eit aktsemdområde med fare for flaum i NVE sine kartdatabasar innanfor planområdet. På NVE sine sider kan ein lese at aktsemdkartet for flaum er eit nasjonalt kart på oversiktsnivå som viser kva areal som kan vere utsett for flaumfare. Kartet er basert på Kartverkets 25x25 m DTM og er eit grovt anslag på maksimale flaumvasstandar avhengig av nedbørstfeltstorleikar for ein ekstrem flaum. Kartet vil aldri

kunne bli heilt nøyaktig, men er godt nok til å gje ein indikasjon på kvar flaumfaren bør vurderast nærmere dersom det er aktuelt med ny utbygging. Vidare står det at dei potensielle fareområda kan leggjast til grunn ved fastsetting av flaumomsynssonar og føresegner. I Arealis er området vist med moderat til låg aktsemdgrad for radon.

## Landbruk - skogbruk

Delar av planområdet består av innmarksbeite. Elles er det eit lite område heilt nord som består av fulldyrka jord. Elles er det lite lausmassar i nye bustader innanfor det området som består av fulldyrka jord. Området vert ikkje aktivt nytta som jordbruksareal i dag og er avsett til bustader i kommuneplanen.



Kartet syner ulike markslag i området. Planområde er dominert av innmarksbeite ([www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no))

### Konklusjon:

Utbygging vil alltid ha negative konsekvensar på naturen. Inngrepet vert i dette høvet rekna som moderat. Det er noko innmarksbeite som går tapt i utbygginga av planen, men området er hovudsakleg ikkje nytta som beiteområde for sau i dag. Det har gått nokre sauer på 108/13 dei siste par åra, men dette er berre for at grunneigar skal sleppe å slå eigedomen. Området er vurdert opp mot naturmangfaldslova §7-12. Utbygging av området vert ikkje rekna for å medføre vesentleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet i området. Planen vil ikkje påverke plante- eller dyreriket i nemneverdig grad. For Bømlo sitt naturmiljø får planen få eller ingen konsekvensar.

## 8.6 Landskap

### Landskapsvurdering

Forutan at planområde grensar til vatn så har planområdet ein del mindre haugar og dalar. Den høgast haugen i planområdet ligg på kote +39,0 og den er også den høgste i nærområdet, men det er fleire omtrent like høge og rett utanfor planområdet ligg ein haug på kote +37,0. Det er allereie i dag bygd hus ved denne toppen.



Utsnitt av området frå 3D-kommunekart.



At området stig frå vest mot aust og frå sør mot nord gjer at det er gunstig i høve til utsikt og solforhold.

### Visuelle inngrep

Når ein får hogd siste delen av skogen her og bygd ut området, så vil det verte synleg frå Straumfjorden. Frå nord vil feltet stort sett ligge skjerma, frå aust er det ikkje hus og evt. då berre dei som ferdast på vatnet eller i skogen som vil sjå det. I aust er det byggefelt frå før og visuelt ikkje vere så synleg. I og med at det er ein del haugar og det er stadvis veldig bratt så ser ein føre seg å flate ut nokre av haugane og fylle i dalar så landskapstrekka vil endre seg ein del.

## Fysiske inngrep

Dei største inngrepa vil koma i samband med planering av køyrevegar og tomter for bustader. Som nemnd så er det haugar og dalar så det blir til dels store inngrep noko plassar, hovudsakeleg for vegen inn i feltet i samband med at dei skal halde stigningskrava til kommunal vegnorm på 8%.



Illustrasjon av utbygd felt med maksimal utbygging.

### Konklusjon:

Utbygging vil alltid medføre inngrep i naturen, og planlagd utbygging kjem til å verta synleg i landskapsbiletet. Inngrepa vil kunne gjerast på ein tiltalande måte og ein kan få eit fint felt. Konsekvensen for landskapet er på bakgrunn av dette vurdert som negativ, men akseptabel.

## 8.7 Universell utforming

Universell utforming handlar om at alle skal ha dei same moglegheitene, i denne samanhengen forstått som tilgjenge til å bruke dei fysiske omgjevnadene. Krav om universell utforming er nedfelt i plan- og bygningslova. Det skal leggjast vekt på universell utforming av leikeområda og parkering/ tilkomst innanfor planområdet. Tek17 skal leggjast til grunn ved utforminga av desse anlegga.

## 8.8 Born og unge sine interesser

Det er gode private og offentlege tilbod med omsyn til barnehage, skule, kulturtilbod, idrett- og friluftsliv i nærområdet. Det er fleire etablerte barnehagar i området og planområdet ligg svært nær Meling skule. Det er heller ikkje langt til ungdomsskule eller vidaregåande skule på Leite. Når det gjeld Meling skule, så har denne byrja å få litt dårleg kapasitet, men det har vore snakk om utviding.

Vidare er det satt av 3 attraktive areal til leik i planområdet sentralt i bustadfeltet. Desse områda skal nyttast til leik og fritidsaktivitet. Leikeapparat, sandkassar, rastepllassar og liknande kan plasserast i desse områda.

Det ligg også eit friområde i nord kor det er mogleik for å bade, og ein har lagt til rette for å kunne gå igjennom feltet mot andre friområde og nabofelt.

Ein har lagt inn fortau langs hovudvegane i feltet, noko som betrar trafikktryggleiken i området og gjer det tryggare for born og unge å ferdast i feltet. Krysset inn mot fylkesvegen

har tilfredsstillende sikt og er oversiktleg. Herifrå er det fortau langs fylkesvegen til skulen og mot sentrum.

## **8.9 Folkehelse**

Omgrepet folkehelse har ingen overordna definisjon i Noreg, men det tyder dei levekåra som bidreg til å fremja eller hemma god helse i befolkninga. Omgrepet tilseier at dette dreiar seg om summen av dei faktorar som påverkar vår helsetilstand. I statleg og regional folkehelsestrategi er hovudmålsetting å auke kvardagsaktiviteten til både born og vaksne. Planlegginga skal vere helsefremjande jamfør plan- og bygningslova.

Utbygginga vil medføre ei lita auke i biltrafikken, men denne vert rekna som beskjeden. Forureininga i form av støy og eksos som følger av denne auken, vert rekna som uboppelmatisk. Det planlagde bustadfeltet ligg i nær tilknyting til fine turområde. Det at området også ligg nær skuleområdet på Meling og idrettsanlegget på Leite, gjer at born og unge har god tilgang på eigna område til utøving av leik og ballspel.

## **8.10 Strandsone**

### **Fysiske inngrep i strandsona**

Strandsona er området innan 100 meter frå kystlinna målt i horisontalplanet. Bømlo kommune har ei samla strandlinje på om lag 1 277 km. 80,6 % av strandsona er utan tekniske inngrep i Bømlo kommune, dvs. inngrepsfri (tal frå 2010. Kjelde: Strandsonekartlegging i Bømlo kommune, Akvator, datert 23. juni 2010).

Her grensar ein til strandsona i sjø berre i sør aust mot Straumfjorden og den nærmeste planlagde tomta her ligg ca. 40m frå strandlinja, men den ligg også 23,0m over strandlinja og det er bygg nedanfor. Så strandsona her er bygningspåverka og ikkje funksjonell slik den ligg i dag.



Del av planområdet som går mot Straumfjorden. Som ein ser så er det svært bratt her og så ligg det bygg framom og på sida her.

I kommuneplanen til Bømlo kommune så står det at ein skal ha 50m til sjø for nye tiltak, jf. §3.5.2, men det står ikkje at ein skal ha det til vatn eller vassdrag. I oppstartsmøtet som ein hadde med kommunen, så vart dette eit tema der kommunen viser vidare til PB §1-8 som har tekst med Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag og dei har kome med eit vilkår i oppstartsløyvet at det må leggjast byggegrense på 50m til Ulvsvatnet.

Ser ein vidare i PBL § 1-8 så står det

*Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11–9 nr. 5 og 12–7 nr. 2.*


Me meiner då at ved utarbeiding av reguleringsplan så kan ein sette ei byggegrense som er fornuftig i det aktuelle området, og ikkje at ein må halde seg til ein førehandsbestemt avstand som 50m i dette tilfellet.

Vidare så ser ein at det vert bygd nærmere vatn enn 50m andre stadar i kommunen og ein finn det urettferdig om ein her får andre kriterie å forholde seg til.

Klærret har 0m til vatnet på det nærmeste, kulturhuset ligg ca. 7m frå vatnet, Kværnhaugen og eneklite bygg på motsatt side av Stavelandsvegen har 25m meter til vatnet. På Gåsland ligg det bygg med 12m til vatnet.


### Tilgjengeleg og funksjonell strandsone

Tilgjengeleg strandsone er definert som areal tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv, det vil seie at områda ikkje skal vera påverka av privatiserande tiltak eller for bratte for normalt opphold. Område med hellingsgrad brattare enn 25 grader er definert som utilgjengeleg.



Rosa areal er område som ligg innanfor 100m til nærmeste bygning.

Som ein ser så er lite av strandsona bygningspåvirkja i dag og dei bygga som ligg her ligg stort sett høgt over vassflata som ligg på ca. kote +2,0.



Funksjonell strandsone. Raudt område syner terrenget brattare enn 25grader og grønt syner slakkare område.


Som ein ser så er det delar her som er svært bratte og det å gå langs vatnet i strandlinia helie vegen er uråd. Ein ser at det heller ikkje blir gjort i dag og dei områda som blir nytta til friluft er hovudsakeleg strandområdet i nord og så går det nokre mindre stiar inne på land.



Meir naturleg for folk å gå på innsida av haugane enn yttersida mot vatnet.



Stadvis svært bratt terreng mot vatnet.



I reguleringsplanen så set ein av heile det flate området i nord til friluftsformål. Dette skal vere tilgjengeleg for alle og ikkje berre dei som bur i det nye feltet. Det er dette området som er mest nytta i dag og som er viktigast at ligg urørt.

I planforslaget så har ein lagt ein buffer på 8-15m mot vatnet og ei byggegrense på 15m til vatnet på ca. 200m av strandlinja her. Vel halvparten av dette området er for bratt til å ferdast i pr. i dag, og ein ser føre seg å ta ned desse haugane litt og få eit flatare parti her. Dette vil opne opp området og ny veg vil liggje omlag der kor folk faktisk går i dag.



Område kor stien kjem opp frå sjø og vatn i dag og der det ser ut til å ferdast litt folk.

Gnr. 108 bnr. 13 ligg som bustadområde i kommuneplanen og om ein skal ha 50m byggjeggrense på denne eigedommen så er det ikkje plass til mykje bustad igjen. Kvalitetane ved vatnet vil komme betre fram og tilgjenge betra seg om ein får bygge ut delar her.



3d- illustrasjon som viser planlagd utbygging.

## Oppsummering av strandsona i høve til planforslag

Kommuneplanen opnar for bygging bustadbygging i planområdet. Realisering av den planlagde utbygginga vil medføre inngrep i strandsona, men fysiske inngrep treng ikkje vera til hinder for ferdsel i strandsona. Inngrepa kan i staden bidra til at strandsona vert betre tilgjengeleg og meir attraktiv i samband med friluftsliv.

### Dei positive og negative verknadene ved planen i høve til strandsona er vurdert slik:

- |   |          |
|---|----------|
| - Tiltaket vil medføre terrenginngrep i strandsona:   | Negativt |
| - Tiltaket vil delvis privatisere delar strandsona  | Negativt |
| - Tiltaket vil gje 4 stk. nye einebustadomter i strandsona  | Positivt |
| - Tiltaket vil gje 8-12 nye konsentrerte fritidsbustadar i strandsona   | Positivt |
| - Tiltaket vil forenkle tilgjenge og funksjon i området både for resten av feltet og dei som nyttar område i dag. | Positivt |
| - Tiltaket vil føre til at området vert meir attraktivt   | Positivt |
| - Tiltaket vil vere positivt for folkehelse   | Positivt |

Som ein ser ut i frå vurderinga, så er det overvekt av positive verknader til planforslaget. Ein har på bakgrunn av dette vurdert konsekvensen for strandsona som akseptabel.

Ein ser som nemnd at det også andre plassar er bygd nære vatn. Dette område er også sentrumsnært og det er på delar av strandsona som ikkje er noko særskild tilgjengeleg i dag.

## 9.0 ROS- ANALYSE

### Bakgrunn

Hensikta med risiko- og sårbarheitsanalysar er å utarbeide eit grunnlag for planleggingsarbeidet slik at beredskapsmessige omsyn kan integrerast i den ordinære planlegginga i kommunen.

For å kunne redusere omfang og skadar av uønska hendingar, slik som uhell, ulukker, driftsstans og katastrofar, er det ein føresetnad at ein først kartlegg risiko og sårbarheit.

I tilknyting til dette reguleringsplanarbeidet er det av omsyn til plantiltakets omfang utført ein analyse av risiko og sårbarheitsforhold. ROS- analysen byggjer på føreliggjande kunnskap om planområdet og arealbruken der.

### Metode

Analysen er gjennomført i samsvar med "Samfunnssikkerhet i arealplanlegging - kartlegging av risiko og sårbarhet" fra DSB. Analysen er basert på føreliggjande planforslag med tilhøyrande illustrasjoner og løysingar som der er gitt.

Moglege uønska hendingar som kan påverke planområdets funksjon som område for naust, fritidsbustader og bustader er vurderte jf. vedlagt sjekkliste. Forhold som ikkje er relevante i sjekklista er ikkje merka.

I vuggearen er analysearbeidet delt inn i 6 fasar:

1. Skildring av analyseobjekt
2. Kartlegging av moglege hendingar og potensielle farar
3. Vurdering av årsaker og sannsyn
4. Vurdering av konsekvensar
5. Systematisering og risikovurdering
6. Forslag til tiltak og oppfølging

Risiko uttrykker den fare som uønska hendingar representerer for menneske, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjonar. Risiko er eit resultat av *Sannsyn* (frekvens) og *konsekvens* av hendingar.

Vurdering av sannsyn for uynskt hending er delt i:

Begrep/ grad av sannsyn	Vekt	Intervall
Svært sannsynleg	5	Meir enn ei hending kvart 20. år
Sannsynleg	4	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200. år
Noko sannsynleg	3	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000. år
Lite sannsynleg	2	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000. år.
Usannsynleg	1	Mindre enn ei hending kvart 5000. år

Vurdering av konsekvensar av uønska hending er delt i:

Konsekvens	Vekt	Menneske	Ytre miljø (luft, jord, vatn)	Materielle verdiar
Katastrofalt	5	Meir enn 5 daude, eller 25 alvorleg skada (KBP nivå 3)	Varig større skade på ytre miljø	Skadar for meir enn 50.000.000 kr
Kritisk	4	Inntil 5 daude, eller fare for inntil 25 alvorleg skadde personar (KBP nivå 2)	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø	Skadar mellom 5.000.000 - 50.000.000 kr

Alvorleg	3	Inntil 10 alvorlege person-skadar, eller mange mindre personskadar, men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubezag. (KBP nivå 2)	Store skadar på ytre miljø, men som vil utbetra på sikt	Skadar mellom 500.000 - 5.000.000 kr
Ein viss fare	2	Mindre skadar som treng medisinsk handsaming, evt. kortare sjukefråver. (KBP nivå 1)	Mindre skadar på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort tid	Skadar mellom 50.000 - 500.000 kr
Ubetydeleg	1	Ingen eller små person-skadar. (KBP nivå 1)	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø.	Skadar for inntil 50.000 kr

For å gje ei visuell og kvantifiserbar framstilling av ROS- analysa, er det her nytta ei risikomatrisa. Risikomatrisa bidrar til å påpeike kva område det er behov for å iverksette eventuelle avbøtande tiltak, og ROS- analysen har i så måte ein praktisk verdi i gjennomføringa av planen.

Konsekvens: Sannsyn:	1. Ubetydeleg	2. Ein viss fare	3. Alvorleg	4. Kritisk	5. Katastrofalt
5. Svært sannsynleg	5	10	15	20	25
4. Sannsynleg	4	8	12	16	20
3. Noko sannsynleg	3	6	9	12	15
2. Lite sannsynleg	2	4	6	8	10
1. Usannsynleg	1	2	3	4	5

## Akseptkriterie

- Hendingar i raudt felt medfører uakseptabel risiko. Her må risikoreduserande tiltak gjennomførast. Elles må det gjennomførast meir detaljert ROS- analyse for eventuelt å avkrefte risikonivået. For tiltak i raude felt skal det utarbeidast ROS- analyse før tiltak kan godkjennast.
- For hendingar som ligg i gul sone må det gjennomførast tiltak for å redusere risikoen så mykje som råd er. Det kan vere naturleg også å leggje ein kost- nytteanalyse til grunn for vurdering av enno fleire risikoreduserande tiltak. I gul sone skal kommunen krevja ROS- analyse.
- Grønt indikerer akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar. Om det skal gjennomførast ROS- analyse i grøne område må vurderast i den einskilde regulerings- og/eller byggesak.

Ved ROS- analysen vert vurdering av fare i det konkrete planarbeidet satt inn i ein tabell. Det kan vere naturleg å gjengi ein slik tabell både for no- situasjonen (før reguleringa) og ein tabell for ny situasjon etter utbygging i henhold til planen i planomtalen.

## ROS- analyse for det aktuelle planområdet

Moglege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak er samanfatta i tabell. Det er laga ein tabell for no situasjonen og ein for ny situasjon etter utbygging. Dei tema som står i tabellen men som ikkje vert ansett for å vere relevant for planområdet, er vurdert men ikkje markert med "risikofarge".

### Nosituasjon:

Hendingar / situasjon	Aktuelt?	Sannsynlig	Konsekvens	Risiko	Kommentar/ Tiltak
<b>Natur og miljøforhold</b>					
<b>Ras/Skred/flom/grunn</b>					
1. Masseras/Skred	Nei	1	1	1	Databasar synar tynn marin avsetning og stadvis bart fjell. Ikke kjent å vere eit problem i området.
2. Snø/isras	Nei				Ikkje relevant.
3. Flaumras	Nei				Ikkje relevant. Bygger ikkje ned til
4. Elveflom	Ja	1	1	1	Vatnet kan i periodar stige. Ingen konsekvens for bygg/tiltak i dag.
5. Tidevassflaum	Nei				Ikkje relevant

6. Radongass	Nei	1	1	1	Moderat til lav aktsomhet..
<b>Vær og vindespontering</b>					
7. Vindutsette område	Ja	1	2	2	Kan førekoma, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.
8. Nedbørutsette område	Ja	2	1	2	Kan førekome, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.
<b>Natur og kulturområde</b>					
9. Sårbar flora	Nei				Ingen registreringer
10. Sårbar fauna/fisk	Ja	2	1	2	Registrert vipe(EN) i område ved Stavlandsvegen og oter(VU) i Ulvsvatnet.. Planområde er truleg ikkje hekkeplass eller stor del av områda desse finn mat.
11. Verneområde	Ja	1	1	1	Gjort fleire steinalderfunn i område som ein har synt i plankartet.
12. Vassdragsområde	Nei				Ikkje relevant.
13. Forminne	Ja	1	1	1	Gjort fleire steinalderfunn i område som ein har synt i plankartet.
14. Kulturminne/miljø	Nei	1	1	1	Nokre steingardar som ligg utanfor tiltaksområde i planen.
15. Område for idrett/leik	Nei				Ikkje relevant.
16. Park /rekreasjonsområde	Nei				Ikkje relevant.
17. Vassområde for friluftsliv	Nei				Ikkje relevant.
<b>Menneskeskapte forhold</b>					
18. Veg, bru knutepunkt	Ja	2	2	4	Vegen frå dagens bustadfelt og ut til hovudveg har litt dårleg bredde og krysset med fortau kan gjerast betre.
19. Hamn/kai - anlegg	Nei				Ikkje relevant
20. Sjukehus/-heim , kyrkje	Nei				Ikkje relevant.
21. Brann/politi/SF	Ja	1	2	2	Brann kan førekoma. Berre terregn i dag og då dårleg med off. sløkkevatn og tilkomst.
22. Forsyning kraft, vatn	Ja	2	1	2	Vatn og tekniske anlegg i nærområdet.
23. Tilfluktsrom	Nei				Ikkje relevant.
<b>Forureiningskjelder</b>					
24. Industri	Ja	1	1	1	Liten del av planområde er del av næringsområde der dei produserar tomatpuré og honning. Ingen næringsbygg innanfor planområde.
25. Bustad/fritid	Nei				Ikkje bygg i dag.
26. Landbruk	Ja	1	2	2	Beitemark på ein liten del
27. Akutt forureining	Nei				Ikkje relevant.
28. Støv	Ja	1	1	1	Noko eksos og støv frå bilar til tilgrensande områder.
29. Støy	Ja	1	1	1	Noko støy frå bilar til tilgrensande område.
30. Forureining i sjø	Nei				Ikkje relevant
31. Forureina grunn	Nei				Ingen funn.
32. Elforsyning	Ja	2	2	4	Leidningsnett i nærområdet.
<b>Andre farlige/spesielle områder/forhold</b>					
33. Risikofylt industri mm (kjemikalie/eksplosiv, olje/gass, radioaktiv)	Nei				Fabrikken som ligg inntil område skal ikkje ha risikofylte kjemikalier/stoff.
34. Høgspentlinje	Nei				Ikkje relevant.
35. Avfallshandsaming	Nei				Ikkje innanfor planområde i dag.
36. Oljekatastrofeområde	Nei				Ikkje relevant.
37. Spesielle forhold ved utbygging gjennomføring	Nei				Ikkje relevant.
<b>Transport</b>					
38. Ulykker med farleg gods	Nei				Ikkje relevant.
39. Vær/føre avgrensar tilgjengelige til området	Nei				Ikkje relevant.
40. Ulykker i avkjørsler	Ja	2	2	4	Kan førekomma, men kjenner ikkje tilfelle
41. Ulykke med gående/syklande	Ja	2	2	4	Kan førekomma, men kjenner ikkje tilfelle
42. Andre ulykkespunkt	Ja	2	2	4	Kan førekomma, men kjenner ikkje tilfelle

Risikoene av hendingane før utbygging er her framstilt i tabell:

Konsekvens: Sannsynlighet:	1. Ubetydeleg/ ufarleg	2. Mindre alvorleg/ ein viss fare	3. Betydeleg/ kritisk	4. Alvorleg/ farlig	5. Svært alvorleg/ katastrofalt
5. Særs sannsynleg/ kontinuerlig					
4. Meget sannsynleg/ periodevis, lengre varigheit					
3. Sannsynleg/ flere enkeltilfelle					
2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfelle	8, 10, 22	18, 32, 40, 41, 42			
1. Lite sannsynleg/ ingen tilfelle	1, 4, 6, 11, 13, 14, 24, 28, 29	7, 21, 26			

**NB: Høgspentlinje?**

### Situasjon etter utbygging:

Hendingar / situasjon	Aktuelt?	Sannsynlig	Konsekvens	Risiko	Kommentar/ Tiltak
<b>Natur og miljøforhold</b>					
<b>Ras/Skred/flom/grunn</b>					
1. Masseras/Skred	Nei	1	3	3	Databaser syner tynn marin avsetning og stedvis bart fjell. Ikke kjent å vere eit problem i område.
2. Snø/isras	Nei				Ikkje relevant.
3. Flaumras	Nei				Ikkje relevant. Bygger ikkje ned til
4. Elveflom	Ja	1	1	1	Vatnet kan i periodar stige. Utbygginga som kjem vil ligge minst 6,0m over normalvassstand og vil då ligge fleire meter over nivået som er ved ekstremnedbør.
5. Tidevassflaum	Nei				Ikkje relevant
6. Radongass	Nei	1	3	3	Moderat til lav aktsomhet. Normal byggsikring.
<b>Vær og vindeksponering</b>					
7. vindutsette områder	Ja	1	3	3	Kan førekoma, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.
8. Nedbørutsette områder	Ja	2	2	4	Kan førekomm, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.
<b>Natur og kulturområde</b>					
9. Sårbar flora	Nei				Ingen registreringer
10. Sårbar fauna/fisk	Ja	2	2	4	Registrert vipa(EN) i område ved Stavelandsvegen og oter(VU) i Ulvsvatnet.. Vipa skal ikkje hekke i planområde og er observert heilt nord. I og med at det ikkje er slåtteland ein tek så skal det ha liten konsekvens for leveområde til vipa. Utbygginga skal ikkje få konsekvens for Ulvsvatnet der det er observert oter.
11. Verneområde	Ja	2	2	4	Gjort fleire steinalderfunn i område som ein har synt i plankartet. Har lagt tiltak som krev inngrep utanom funnområda, men det blir gjort tiltak i planområde.
12. Vassdragsområde	Nei				Ikkje relevant.
13. Fornminne	Ja	2	2	4	Gjort fleire steinalderfunn i område som ein har synt i plankartet. Har lagt tiltak som krev inngrep utanom funnområda , men det blir gjort tiltak i planområdet.
14. Kulturminne/miljø	Ja	1	2	2	Nokre steingardar som ligg utanfor tiltaksområde i planen, men det blir gjort tiltak i planområdet.
15. Område for idrett/leik	Nei				Ikkje relevant.
16. Park /rekreasjonsområde	Nei				Ikkje relevant.
17. Vassområde for friluftsliv	Nei				Ikkje relevant.
<b>Menneskeskapte forhold</b>					
18. Veg, bru knutepunkt	Ja	2	2	4	Vegen frå dagens bustadfelt og ut til hovudveg har litt dårlig bredd og krysset med fortau kan gjerast betre. Det blir meir trafikk, men både veg og kryss blir utbetra i ny plan.
19. Hamn/kai - anlegg	Nei				Ikkje relevant
20. Sjukhus/-heim , kyrkje	Nei				Ikkje relevant.
21. Brann/politi/SF	Ja	2	2	4	Brann kan førekoma, men det blir lagt opp til sløykeyatn i feltet og tilkomsten vil bli bra.
22. Forsyning kraft, vatn	Ja	2	1	2	Vatn og tekniske anlegg i nærområdet.
23. Tilfluktsrom	Nei				Ikkje relevant.
<b>Forureiningskjelder</b>					
24. Industri	Ja	1	1	1	Liten del av planområde er del av næringsområde der dei produserar tomatspuré og honning. Ingen næringsbygg innanfor planområde.
25. Bustad/fritid	Ja	2	1	2	Bli nye bustadar, men bygd etter TEK17.
26. Landbruk	Nei				Blir ikkje landbruk etter utbygging.
27. Akutt forureining	Nei				Ikkje relevant.
28. Støv	Ja	2	2	4	Med utbygginga så blir det meir trafikk og då noko meir støv.
29. Støy	Ja	2	2	4	Med utbygginga så blir det meir trafikk og då noko meir støy.
30. Forureining i sjø	Nei				Ikkje relevant
31. Forureina grunn	Nei				Ingen funn.
32. Elforsyning	Ja	2	2	4	Leidningsnett i nærområdet.
<b>Andre farlige/spesielle områder/forhold</b>					
33. Risikofylt industri mm (kjemikalie/eksplosiv, olje/gass, radioaktiv)	Nei				Fabrikken som ligg inntil område skal ikkje ha risikofylte kjemikalier/stoff.
36. Høgspentlinje	Nei				Ikkje relevant.
38. Avfallshandsaming	Ja	2	2	4	Hushaldningsavfall og sett av areal til boss-henting.
39. Oljekatastrofeområde	Nei				Ikkje relevant.

40. Spesielle forhold ved utbygging gjennomføring	Nei				Ikkje relevant
<b>Transport</b>					
41. Ulykker med farleg gods	Nei				Ikkje relevant.
42. Vær/føre avgrensar tiljenge til området	Nei				Ikkje relevant.
40. Ulykker i avkjørsler	Ja	3	2	6	Kan førekomma, men kjenner ikkje tilfelle. Blir meir trafikk, men betre avkjørsler i planen.
41. Ulykke med gåande/syklande	Ja	3	2	6	Kan førekomma, men kjenner ikkje tilfelle. Legg opp til ekstra fortau langs dagens tilkomstveg og fortau langs ny hovudveg i feltet.
42. Andre ulykkespunkt	Ja	3	2	6	Kan førekomma, men kjenner ikkje tilfelle

Risikoen av hendingane etter utbygging er her framstilt i tabell:

Konsekvens: Sannsynlighet:	1. Ubetydeleg/ ufarleg	2. Mindre alvorleg/ ein viss fare	3. Betydeleg/ kritisk	4. Alvorleg/ farlig	5. Svært alvorleg/ katastrofalt
5. Sårs sannsynleg/ kontinuerlig					
4. Meget sannsynleg/ periodevis, lengre varigheit					
3. Sannsynleg/ fleire enkeltilfelle		<b>40, 41, 42</b>			
2. Mindre sannsynleg/ kjennen tilfelle	<b>22, 25</b>	<b>8, 10, 11, 13, 18, 21, 28, 29, 32, 38</b>			
1. Lite sannsynleg/ ingen tilfelle	<b>4, 24</b>	<b>14</b>	<b>1, 6, 7</b>		

*Kommentarar til nokre av punkta:*

Gjennom ROS- analysen er det ikke påvist forhold som medfører at planframlegget bør endrast i høve til det utkastet som no føreligg.

*Kommentarar til punkt i gul sone:*

#### Trafikk og ulykker:

På generell basis vil risiko i eit område alltid vere til stades når det er trafikk eit i område. Dette kjem av at det vert fleire brukarar av veganleggjet. Slik sett vil også sannsynet for at trafikkulykker oppstår i planområdet auka i takt med utbygginga. Det vil bli relativt lite trafikk og låg fartsgrense i området. Eksisterande tilkomstveg vert utbetra for å ta den trafikkauken som utbygginga vil føre med seg og det vil bli bygd ekstra fortau langs den samt at krysset blir utbetra. Ein legg også opp til at dei to eksisterande avkjørslene som går til ny veg vil bli utbetra og ein har lagt inn siktsonar i alle kryss og avkjørsler. For å auka trafikktryggleiken i området har ein i tillegg planlagt turvegar/stiar for mjuke trafikkantantar som gjer at ein kan gå plassar utan biltrafikk. Ein ser det som lite sannsynleg at trafikkulukker vil oppstå innanfor planområdet.

Dato: 07.01.2021

Rev.: 12.05.2021



#### VEDLEGG

- 1808-01, Plankart, Bustadområde Stavlandskleivane, gnr/bnr. 108/6 m.fl., datert **12.05.2021**

- 1808-05, prinsippskisse, datert **13.05.2021**
- 1808-20, Overordna VA- plan, datert **13.05.2020**
- Føresegner, datert **12.05.2021**
- Kopi av oppstartsmelding, sendt 22.11.2018
- Kopi av innkomne merknader oppstart
- Rapport 34 – 2019, Kulturhistoriske registreringar, Områderegulering Stavlandskleivane, gnr. 108 bnr. 13 og 6, Bømlo kommune, datert 29.10.2020